

Valgreglement for Studenttinget på Vestlandet



Dokumentet	Valgreglement
Opprinnelse	ST-1/17
Versjon	2.3
Vedtatt	ST-1 /18
Implementert 20.02.2018	Jonas Oliver Hui Dahl, leiar av arbeidsutvalet Kjersti Hatlestad, arbeidsutvalg Magnus Møkster, kontrollkomité Linda Christine Bøhn, kontrollkomité

1 Kapittel 1 - Generelle føresegner

2 §1-1 Verkeområde

3 Valgreglementet gjeld for alle personval til Studenttinget på Vestlandet (STVL) og ved
4 personval der Studenttinget er valforsamling.

5 §1-2 Vilkår for kandidatar til val

6 For val utført i samsvar med valgreglementet er det krav om at kandidatar er studentar ved
7 Høgskulen på Vestlandet (HVL) i valsemesteret. Dette gjeld berre dersom anna ikkje er
8 spesifisert i valgreglementet.

9 §1-3 Gjensidig utelukkande verv

- 10 (1) Verv som representant, arbeidsutvalsmedlem og kontrollkomitémedlem i Studenttinget
11 er gjensidig utelukkande.
- 12 (2) Verv i arbeidsutvalet til Studenttinget er gjensidig utelukkande med _verv som
13 studentrepresentant i Høgskulestyret ved Høgskulen på Vestlandet, arbeidsutvalet i
14 Velferdstinget i Vest og styret i Studentsamskipnaden på Vestlandet. Verv i
15 arbeidsutvalet til Studenttinget, verv i klagenemnda og verv i skikkavurderingsnemnda er
16 gjensidig utelukkande.
- 17 (3) Representantar i Høgskulestyret er gjensidig utelukkande med utdanningsutvalet og FoU-
18 utvalet.

19 §1-4 Funksjonstid i verv

20 Alle studentar som er valte inn i verv etter dette reglementet har ein valperiode på eitt år,
21 med mindre anna er fastsett eller blir bestemt, og har blitt eksplisitt opplyst om før valet.
22 Funksjonstida til eit verv skal alltid opplysast om før valet.

23 §1-5 Valform

24 Alle val utført i samsvar med valgreglementet utførast som preferanseval, dersom ikkje anna
25 er spesifisert i valgreglementet. Preferanseval er utdjupa i kapittel 5 - valformer og
26 framgangsmåtar ved val.

27 *§1-6 Valkrinsar*

28 Ved val utført i samsvar med dette valgreglementet er studentane ved Høgskulen på
29 Vestlandet delt inn tre valkrinsar; campus Sogndal og campus Førde utgjør valkrins Nord,
30 campus Bergen utgjør valkrins Midt, og campus Stord og campus Haugesund utgjør valkrins
31 Sør. Utdanningar i Florø og Kristiansund knytt til Høgskulen på Vestlandet høyrer til valkrins
32 Nord. Der regionar eller valkrinsar er nemnt i valgreglementet, er det desse som er meint. I val
33 der Studenttinget er valforsamling, vert Studenttinget rekna som gjeldande valkrins.

34 *§1-7 Endringar og unntak*

35 Endringar av valgreglementet skjer i tråd med Vedtekter for Studenttinget på Vestlandet.
36 Unntak frå valgreglementet kan gjerast med $\frac{2}{3}$ kvalifisert fleirtal (definert i Vedtekter for
37 Studenttinget på Vestlandet).

38 **Kapittel 2 - Valstyret og innstillingskomiteén**

39 *§2-1 Samansetjing*

- 40 (1) Valstyret skal vere samansett av sju medlemar. Kvart campus i region Nord og region Sør skal
41 vere representert med ein person og region Midt skal vere representert med to personar
42 blant medlemane. Det skal vere ein representant frå arbeidsutvalet i valstyret. Dette
43 medlemet frå arbeidsutvalet er saksansvarlig. Valstyret veljer sjølv leiari av styret blant
44 medlemane.
- 45 (2) Innstillingskomiteén skal vere samansett av 4 medlemar, etter følgjande kriterier: 1 relevant
46 ekstern person, 1 person med tidlegare tilknytning til Studenttinget, 1 representant frå eit
47 studentråd og 1 person valt blant de faste representantane i Studenttinget.

48 *§2-2 Ansvarsområder*

- 49 (1) Valstyret har ansvar for å finne kandidatar til val til Studenttinget, arbeidsutvalet til
50 Studenttinget og val der Studenttinget er valforsamling. Valstyret har ansvar for den
51 praktiske gjennomføringa av valet til Studenttinget, og for utrekning og sikring av dette valet
52 i samråd med kontrollkomiteen.
- 53 (2) Innstillingskomiteén har ansvar for å innstille i val til arbeidsutvalet av Studenttinget.
54 Innstillinga skal leggjast fram for Studenttinget med presentasjon av kandidatane og
55 grunngjeving for innstilling på valmøtet.
56

57

58 *§2-3 Val*

- 59 (1) Valstyret skal veljast av Studenttinget på det første møtet i haustsemesteret. Dersom
60 medlemar av valstyret ynskjer å stille som kandidatar til studenttinget, må dei trekkje seg frå
61 valstyret innan fristen for å stille til val.
62
- 63 (2) Innstillingskomiteén skal veljast av Studenttinget på det første møtet i vårsemesteret.
64 Funksjonstid for vervet er fram til arbeidsutvalet av Studenttinget er valt. Val til
65 innstillingskomiteen er unnateke §1-2 vilkår for kandidatar til val. Dersom medlem av
66 innstillingskomiteén ynskjer å stille som kandidat til arbeidsutvalet i Studenttinget, må dei

67 trekkje seg frå innstillingskomiteen innan fristen for å melde kandidatur som skal bli vurdert
68 av innstillingskomitéen.

69

70 [Kapittel 3 - Val til Studenttinget på Vestlandet](#)

71 [§3-1 Val](#)

72 Val av representantar til Studenttinget på Vestlandet skal utførast som preferanseval, der
73 valresultatet skal reknast ut ved enkel stemmeoverføring (single transferable vote, utdjupa i
74 kapittel 6 - valformar og framgangsmåtar ved val). Valet skal skje ved elektronisk urneval og
75 ha ein varigheit på 7 døgn. Valstyret utarbeidar stemmesetlar med dei føreslegne
76 kandidatane. Berre desse stemmesetlane kan benyttast ved valet. Val av representantar til
77 Studenttinget for påfølgjande kalenderår skal skje i løpet av haustsemesteret.

78 [§3-2 Tilhøyrslø](#)

79 Studentar har berre høve til å stille til val som representantar for og i den valkrinsen dei sjølv
80 tilhøyrer. Dersom ein tilhøyrer fleire krinsar, må ein velje éin valkrins og forhalde seg til den.

81 [§3-3 Stemmerett](#)

82 Alle studentar ved Høgskulen på Vestlandet har stemmerett i val til Studenttinget. Studentar
83 har berre høve til å stemme på kandidatar innanfor den valkrinsen dei sjølv tilhøyrer. Dersom
84 ein tilhøyrer fleire krinsar, må ein velje éin valkrins og forhalde seg til den.

85 [§3-4 Representantfordeling](#)

86 Det skal veljast ei på førehand bestemt mengd representantar til Studenttinget på
87 Vestlandet. 25% av desse skal veljast frå valkrins nord, 50% frå valkrins midt og 25% frå
88 valkrins sør. Vararepresentantane i kvar valkrins skal vere nummererte.

89 [§3-5 Kvotering](#)

90 Kwart campus i valkrins nord og valkrins sør skal vere representert i Studenttinget med minst
91 to representantar, og kvart fakultet i valkrins midt skal vere representert i Studenttinget med
92 minst to representantar. Dersom eit fakultet eller eit campus ikkje er tilstrekkelig
93 representert i Studenttinget skal det kvoterer inn tilstrekkelig mengd representantar frå det
94 underrepresenterte fakultetet eller campuset, slik at alle fakultet og campus møter
95 minstekravet til representasjon.

96 [Kapittel 4 - Val der Studenttinget er valforsamling](#)

97 [§4-1 Valforsamling](#)

98 Studenttinget er valforsamling ved val av studentar til styrer, råd og utval på institusjonsnivå
99 ved Høgskulen på Vestlandet. Studenttinget er også valforsamling ved val av representantar
100 til grupper, komitéar og liknande som Studenttinget sjølv set ned eller får førespurnad om å
101 velje/oppnemne representantar til. Studenttinget har mynde til å delegere val vidare til
102 regionråda eller andre relevante grupper.

103 *§4-2 Val gjennomført av arbeidsutvalet*

- 104 (1) Arbeidsutvalet til Studenttinget kan føreta val til ikkje-permanente arbeidsgruppe på
105 fullmakt frå Studenttinget.
106 (2) Ved valsaker der det ikkje er mogeleg å vente til neste studenttingsmøte, kan arbeidsutvalet
107 til Studenttinget oppnemne representantar mellombels til neste møte. Valet skal
108 gjennomførast som ordinært val på førstkomande studenttingsmøte.

109 *§4-3 Val til arbeidsutvalet til Studenttinget*

- 110 (1) Studenttinget er valforsamling for arbeidsutvalet til Studenttinget. Val av leiar gjerast
111 enkeltvis. Resten av arbeidsutvalet vert valt i ein valomgang. Valperioden for arbeidsutvalet
112 er 1. juli i valåret til 31. juli påfølgjande år. Studenttinget sitt arbeidsutval skal veljast på det
113 siste møtet i vårsemesteret.
114 (2) Ved val til arbeidsutvalet skal alle kandidatar på førehand levere inn ei rangert liste over
115 ynskjer om fast arbeidsstad. Kandidatar til region Sør må også rangere ynskjer om
116 prosentstilling. Lista skal leverast til valstyret og innstillingskomitéen før valmøtet, og frist for
117 omprioritering av ynskjer er når første valtale startar.

118 *§4-4 Val til Høgskulestyret*

119 Studenttinget skal velja studentrepresentantar til Høgskulestyret ved Høgskulen på
120 Vestlandet i tråd med §9-4 i universitets- og høyskoleloven, og andre føresegner sette av
121 Høgskulestyret sjølve. Studentrepresentantane skal veljast på det siste møtet i
122 vårsemesteret.

123 *§4-5 Val til Kontrollkomitéen*

124 Kontrollkomitéen skal veljast av Studenttinget. Kontrollkomitéen skal bestå av tre medlemar.
125 Det skal også veljast ein vara frå kvar region. Val til kontrollkomitéen er unnateke §1-2 vilkår
126 for kandidatar til val. Kontrollkomitéen skal veljast på det siste møtet i vårsemesteret.
127 Dersom medlemar av kontrollkomitéen ynskjer å stille som kandidatar til nokon av dei
128 gjensidig utelukkande verva nemnd i §1-3, må dei trekkje seg frå kontrollkomitéen innan
129 fristen for å stille til val. Dersom det er behov kan Studenttinget velje settevara i møtet.

130 *§4-6 Val av delegatar til Landsmøte i Norsk Studentorganisasjon*

131 Studenttinget skal velja delegatar til Landsmøte i Norsk Studentorganisasjon (NSO) i samsvar
132 med retningslinjer og fristar sette av NSO.

133 *§4-7 Val av representantar til Velferdstinget i Vest*

134 Studenttinget skal velja representantar til Velferdstinget i Vest (VtV) i samsvar med
135 retningslinjer gitte av VtV.

136 **Kapittel 5 - Valformer og framgangsmåtar ved val**

137 *§5-1 Framgangsmåtar ved preferanseval*

138 *§5-1.1*

139 Ved preferanseval prioriterar veljaren kandidatar via stemmesetelen. Alle preferanseval
140 utførte i Studenttinget skal vere skriftlege.

141 *§5-1.2*

142 Ved val der fleire verv skal fyllast skal ein etterstreve å ha så få valomgangar som mogleg.

143 *§5-1.3 Akklamasjon:*

144 I val der det er like mange eller færre kandidatar enn verv, kan valet gjennomførast ved
145 akklamasjon. Valet skal gjennomførast skriftleg dersom nokon ynskjer dette.

146 *§5-1.4 Fristar:*

- 147 (1) Forslag på kandidatar i val til Studenttinget må vere innkomne til valstyret innan ei veke før
148 gjennomføring av val. Når valstyret mottok forslag på kandidatar, skal dei føreslegne
149 kandidatane straks informerast for stadfesting av kandidatur.
- 150 (2) Forslag på kandidatar til val av leiar av Studenttinget og medlem av arbeidsutvalet til
151 Studenttinget, må vere innkomne til innstillingskomitéen innan to veker før valmøtet.
152 Kandidatar som vert meld inn seinare enn dette vil ikkje bli vurderte av innstillingskomitéen.
- 153 (3) Med mindre anna er bestemt er frist for å melde kandidatur til val der Studenttinget er
154 valforsamling sett til før første kandidat sin valtale startar. Dersom ein sjølv ikkje har høve til
155 å stille på møtet der valet finn stad bør kandidaturet vere meld skriftleg til arbeidsutvalet i
156 førekant av møtet. Siste frist for å melde kandidatur skriftleg er innan valtalene startar.

157 *§5-1.5 Benkjeforslag:*

158 Benkjeforslag kan rettast til valstyret eller møtet innan første valtale. Personar som vert
159 benkja må godkjenne benkjinga. Alle med tale- og/eller forslagsrett i Studenttinget kan
160 benkja kandidatar.

161 *§5-1.6 Valtale:*

162 Kandidatar gjevast høve til å halde ein valtale på inntil tre minuttar. Personar med talerett
163 har i etterkant av alle valtalane høve til å stille spørsmål til kandidatane. Kandidatar som ikkje
164 har høve til å delta fysisk på møtet skal, avhengig av kva som er praktisk mogleg, få høve til å
165 halde valtale og svare på spørsmål digitalt, eller å sende inn ein video på førehand som vert
166 spelt av på møtet. Det er berre kandidaten sjølv som kan visast på videoen. Videoen må være
167 tilsendt arbeidsutvalet innan møtestart.

168 *§5-1.7 Votering:*

- 169 (1) Kandidatar ein ynskjer å stemme på vert skrivne på stemmesetelen i prioritert rekkjefølgje og
170 nummererast 1, 2, 3 osv., der 1 er høgaste prioritering. Det kan skrivast opp fri mengd
171 kandidatar, frå ingen (blanke stemmer) til alle kandidatane som stiller til val. Nummereringa
172 av kandidatane må vere etterfølgjande.

- 173 (2) Unummererte stemmesetlar, stemmesetlar som inneheld andre namn enn oppmelde
174 kandidatar og stemmesetlar med same namn to eller fleire
175 gongar vert forkasta.

176 §5-1.8 *Vara:*

- 177 (1) Om ingen krev noko anna kan eventuelle vara veljast samstundes med faste representantar.
178 Då vil den kandidaten med høgast stemmepoeng av dei som ikkje vert valt til fast
179 representant verte valt til 1. vara, den neste til 2. vara osv.
180 (2) Ein kandidat kan velje å berre stille som vara, men ikkje å stille til ein bestemt varaplass. Om
181 ein kandidat som berre stiller til vara får stemmepoeng som tilseier at kandidaten skulle blitt
182 valt til fast representant, flyttast denne ned til den plassen på varalista som tilsvarer sine
183 stemmepoeng.
184 (3) Dersom det er behov, kan Studenttinget velje ein settevara. Settevara vert valt ved
185 alminneleg fleirtal, og vil ha funksjonstid fram til møtet er heva.

186 §5-2 *Single transferable vote*

- 187 (1) Ved utrekning av valresultat i preferanseval vert det brukt enkel stemmeoverføring (Single
188 transferable vote).
189
190 (2) I eit val som utreknast ved single transferable vote treng ein kandidat ei minimumsmengd av
191 stemmer for å bli valt. Dette vert kalla valtalet. Valtalet vert gitt ved formelen:

$$\text{Stemmer som trengs} = \left(\frac{\text{avgitte stemmer}}{\text{seter som velges} + 1} \right) + 0,01$$

- 192
193 (3) Kandidatar som når opp til valtalet:
194 Først tel ein opp kor mange stemmer kvar einskild kandidat har fått. Dersom ein kandidat har
195 fått nok stemmer til å nå opp til valtalet, er vedkomande valt. Dersom fleire kandidatar enn
196 det som skal veljast oppnår valtalet, er det den med flest stemmer over valtalet som skal
197 prioriterast. Dersom dette er likt, skal det trekkjast lodd om kven som får plassen.
198
199 (4) Ingen kandidatar som når opp til valtalet:
200 Dersom ingen kandidatar har fått nok stemmer til å nå opp til valtalet, og det framleis er
201 fleire kandidatar enn verv, skal den kandidaten som har lågast stemmetal strykast frå alle
202 stemmesetlane. Dersom to eller fleire kandidatar har likt stemmetal avgjerast det ved
203 loddtrekkjing kven som skal strykast. På stemmesetlane der den strøkne opprinneleg stod
204 først, skal det teljast opp kven som har rykka opp til førsteplass. Desse stemmene kjem i
205 tillegg til kandidaten sine stemmer frå førre oppteljing. Dersom det framleis ikkje er
206 kandidatar som når opp til valtalet, skal denne prosessen gjentakast fram til ein kandidat når
207 opp til valtalet.
208
209 (5) Tildeling av overskotsstemmer:
210 Har ein kandidat fleire førstestemmer enn det kandidaten treng for å nå opp til valtalet, vert
211 desse fordelt i samsvar med veljarane av den kandidaten sine andreval. Formelen for dette
212 ser slik ut:
213 *Stemmer overført frå førsteval til andreval =*

214 *(stemmer til andreval / total mengd førstestemmer førstevalet fekk) x mengd førstestemmer*
215 *førstevalet fekk høgare enn valtalet*

216 Denne utrekninga skal gjerast alle stader der veljarane av den valte kandidaten også har eit
217 andreval, slik at ein til slutt har delt ut alle overskotsstemmene til den valte kandidaten.

218 (6) Ein skal halde fram med stryking av kandidatar og tildeling av overskotsstemmer fra dei valte
219 inntil fastsett mengd kandidatar er valt.

220

221 (7) Kvotering:

222 Ved krav om kvotering flyttast kandidatar som kvoterast inn, opp tilstrekkelig mange plassar
223 til å bli valte.

224 *§5-3 Utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget*

225 Ved utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget har §5-2 eit unntak. I byrjinga av kvar
226 valrunde skal ein sjekke om kandidatar er valføre med tanke på den rangerte lista over
227 ynskjer for fast arbeidsstad. Dersom alle dei rangerte alternativa til ein kandidat er tekne,
228 stryk ein denne kandidaten. Stryking vert gjort i samsvar med §5-2. Etter stryking skal ein
229 sjekke om det er kandidatar som når opp til valtalet, desse vert i så tilfelle valte. Ellers er
230 framgangsmåten lik som i §5-2.

231 *§5-4 Trekk og supplering*

232 (1) Dersom ein kandidat trekk seg i løpet av valet, reknast kandidaten sitt namn stroke frå alle
233 stemmesetlane. Dette fører til at alle kandidatar med lågare prioritet rykkjer opp.

234 (2) Dersom ein fast representant trekk seg, eller tek på seg eit verv ein ikkje kan inneha som
235 representant, reknast øvste rangerte vararepresentant som fast representant. Øvrige
236 vararepresentantar nummererast på nytt i same rekkjefølge.

237 (3) Det kan veljast supplerande representantar og vararepresentantar til Studenttinget ved
238 urneval. Valet skal kunngjerast minimum 14 dagar i forkant av frist for å stille til val. Alle
239 studentar i den aktuelle valkrinsen det skal supplerast frå er valføre og har stemmerett.

240 *§5-5 Utrekning og sikring*

241 (1) Utrekning og sikring av valresultat i val til arbeidsutvalet til Studenttinget og der
242 Studenttinget er valforsamling skal gjerast av kontrollkomiteen. Stemmetal skal ikkje
243 kunngjerast til andre enn kandidatane sjølve.

244 (2) Utrekning og sikring av valresultat i val til Studenttinget skal gjerast av minimum to
245 kontrollkomitémedlemar. Valstyret skal vere tilstades med minimum eitt medlem under
246 utrekning og sikring av valresultatet. Stemmetal skal ikkje kunngjerast til andre enn
247 kandidatane sjølve.

248 (3) Ved val til Studenttinget skal det lagast ein protokoll som skal signerast av leiar av valstyret
249 og eitt medlem av kontrollkomiteen innan 10 virkedagar etter utrekning. Protokollen skal
250 innehalde kandidatane sine namn, valresultat, oppsummering av utrekningane og stemmetal
251 i valkrins og på institusjonsnivå. Protokollen skal vere unnateke offentlegheita, og skal berre
252 framvisast dersom det er strid om valresultatet.